



# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 16.06.2023  
**Tid:** 1000 –1145  
**Referent:** Nils Inge Romarheim

**Saksbehandler:** Nils Inge Romarheim  
**Tlf. saksbeh.** 906 59 309  
**Vår dato:** 16.06.2023

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

<b>Møtenr:</b>	4-2023
<b>Stad:</b>	Teams
<b>Møteleiar:</b>	Tore Johan Øvstebø
<b>Til stades:</b>	<u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Vebjørn Krogsæter, Kristin Sørheim, Anders Riise, Ove Nesje, Cathrine Helle-Tautra (for Kjetil Strand). <u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Øyvind Gangstad, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Marius Maske, Ole Kristian Birkeland, Arild Fuglseth, Kjetil Sporsem, Marit Krekvik, Miroslav Vasilev, Tobias Hay Slinning, Jesper Wiig.
<b>Forfall:</b>	Kjetil Strand, Eva Vinje Aurdal.
<b>Kopi til:</b>	Carl Johansen, Arild Fuglseth.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u>  Tore Johan Øvstebø innleia møtet.  Ei orientering om informasjonsmøtet for prosjektet Blindheim-Flisnes, kjem inn under punktet Eventuelt på saklista.	
2	<u>Vurdering av porteføljen i bypakka og om enkeltprosjekt i porteføljen er utsett for å gå over kostnadsoverslag eller styringsramme</u>  Nils Inge Romarheim presenterte saka. Styringsgruppa bad i mars sekretariatet om å gå gjennom porteføljen og vurdere han opp mot den kostnadsauken som har vore. Dei bad òg om eit framlegg til prioritering og styring av prosjektporteføljen. Det arbeidet som er gjort av partane er i hovudsak knytt til ei vurdering av kostnadsoverslaga for prosjekta i porteføljen.	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Prioritering av prosjektporteføljen bør utsetjast til hausten då ein fortsett arbeider med avklaring på nokre prosjekt. I tillegg bør ein vite korleis det går med inngåing av kontrakt på hovudentreprise på Breivika-Lerstad, då dette har stor betydning for prioriteringa.</p> <p>På eitt par av dei store prosjekta har ein inngått kontrakt og ein er vurdert å vere innanfor styringsramma. Dette gjeld kollektivknutepunkta i sentrum og ved sjukhuset. Dei prosjekta som det er størst risiko knytt til no, er Campus og Lerstadtoppen-Campus. Begge prosjekta har gamle anslag. Ein jobbar med kostnadseffektive løysingar for Campus, og ein vil lage alternativ for Lerstadtoppen-Campus som ein kjem tilbake til styringsgruppa med. I tillegg kjem Breivika-Lerstad som vil vere avgjerande og der kontrakt vert inngått i haust.</p> <p>På sekkeposten er det fleire prosjekt som ikkje er ferdig planlagt og som det er knytt risiko til. Alle prosjekta er heller ikkje vurdert då nokre ligg langt fram i tid.</p> <p>Gjennomgangen viser at det er risiko knytt til kostnadsoverslaga for nokre prosjekt. Han viser likevel også at sjølv om det har vore stor kostnadsauke i samfunnet og byggebransjen, så er ein innanfor styringsramma på dei to store prosjekta der ein i vår har inngått kontrakt. Dette er positivt.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa tar saka til orientering. Prioritering av porteføljen vert utsett til hausten.</p>	
3	<p><u>Sykkelveg på prosjektet E136 Lerstadtoppen - Campus</u></p> <p>Nils Inge Romarheim presenterte saka. Prosjektet E136 Lerstadtoppen-Campus er ikkje omtalt med sykkelveg i proposisjonen for bypakka, og sykkelveg er heller ikkje tatt med i anslaget som låg til grunn for kostnadsoverslaget til prosjektet. Ut frå føremålet til bypakka, at fleire skal gå, sykle og reise kollektivt, er det naturleg at sykkelveg vert ein del av prosjektet. Partane i bypakka hadde hausten 2022 eit møte der ein gjekk i gjennom sykkelprosjekta i pakka. Statens vegvesen stadfesta då at ein ville ta med sykkelveg som ein del av prosjektet. Ettersom prosjektet ikkje tidlegare er beskrive med sykkelveg, er det ønskjeleg at styringsgruppa tek stilling til saka.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa støttar at sykkelveg skal inngå som ein del av prosjektet E136 Lerstادتoppen–Campus. Prosjektet må derfor planleggjast og byggjast ut med sykkelveg. Samtidig er det viktig at kollektivtransport blir prioritert. Saka vert lagt fram for styringsgruppa til endeleg avklaring på eit seinare tidspunkt.</p>	
4	<p><u>Orientering frå Vegamot</u></p> <p>Marius Maske orienterte om gjennomsnittstakst, passerings- og inntektstal og status for passeringstak for takstgruppe 2.</p> <p>Tal på passeringar ligg rundt 3 millionar i månaden, mens inntektene ligg frå 26 til 30 millionar kroner i månaden. Tala må behandlast med varsemd. Det er passeringsvariasjonar over året, så ein treng eit fullt år før ein kan gjere realistiske berekningar og tilpassingar. Det har vore relativt stabil trafikk og inntekter, men det er uvisse knytt til sommaren. Elbilandelen er aukande og var i mai på 25,6 prosent. Inntektsforventninga er på om lag 340 mill. kroner i året.</p> <p>Det er nokre forhold som kan påverke økonomien, mellom anna forslag om timesregel for køyretøy utan avtale. Det er ikkje avklart kor tid dette vert innført. Takstsøknad som inneheld passeringstak for takstgruppe 2 er send og er no hos Samferdselsdepartementet.</p> <p>Registrert gjennomsnittstakst er pr. mai kr. 9,10. Denne vil vere synkande med auka nullutsleppstrafikk og eventuelt andre rabattar. Proposisjonens gjennomsnittstakst er forslått redusert til 14,50 2021-kroner. Saken er til behandling i Samferdselsdepartementet. Justert med KPI er den pr. april kr. 16,82. Dette gir stort rom for takstendring. Dersom ein berre gjer ei KPI-justering av grunntakstane, så kan dette føre til svikt i prosjektet si finansieringsevne.</p> <p>I haust skal det gjennomførast ein prosess for vurdering av økonomien i prosjektet og vurdering av takstar. Endring i takstar krev lokalpolitisk behandling. Prosessen kan ta tid og det kan være aktuelt at Vegamot og/eller styringsgruppa får fullmakt til regulering av takstane.</p>	
5	<p><u>Rapportering 1. tertial</u></p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Nils Inge Romarheim presenterte 1. tertialrapport. Rapporteringa etter 1. tertial viser at det ikkje er vesentlege avvik som må følgjast opp på porteføljenivå. Det er ikkje meldt om behov for auka sluttprognose for noko prosjekt. Samla sett er det ein liten reduksjon i årsprognosen for bypakka.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa tar Tertialrapport for 1. tertial 2023 til etterretning.</p>	
6	<p><u>Risikovurdering av bussdrift i sentrum</u></p> <p>Jesper Wiig frå FRAM orienterte om ei risikovurdering dei har gjort i høve bussdrift i sentrum. FRAM meiner det må gjerast nokre tiltak for å sikre optimal drift av kollektivknutepunktet i sentrum. Mellom anna meiner FRAM ein bør ha ein plan for alternative traséar om det skulle oppstå problem med trafikkavviklinga, og at nokre nødvendige funksjonar på Skateflukaia må på plass for å kunne ha ei god bussdrift.</p> <p>Det er viktig at det vert jobba vidare med problemstillingane og at ein finn gode løysingar. Partane i bypakka må i samarbeid finne dei beste løysingane, og gjennomføre desse innanfor dei enkelte prosjekta.</p> <p>Jesper Wiig opplyste også at ein pr. mai 2023 har hatt 28 % vekst i persontrafikken i Ålesund i forhold til mai 2022.</p>	
7	<p><u>Eventuelt</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol orienterte kort om informasjonsmøte på Blindheim 13. juni, for prosjektet Blindheim–Flisnes. På informasjonsmøtet presenterte ein planane for prosjektet og tok opp korleis byggeperioden vil bli gjennomført. Det var kring 40 personar som møtte opp.</p>	